



Nils Naasen og Haldor Tveit spelar i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad Trekkspelklubb høgtidar sundag ettermiddag sitt 30 års jubileum.

Tanken om klubben vart fyrste gong drøfta på eit lagsmøte i Uskedal Ungdomslag kring 1978, den gongen tenkt som eit trekkspellag i Uskedalen

Det vart sendt skriv til om lag 20 trekkspelarari bygda. Tiltaket lukkast ikkje. Derimot vart Kvinnherad Trekkspelklubb skipa hausten 1980.

Tre medlemer frå Uskedalen har vore og er sentrale personar i laget. Bård Ljosnes var med på skipinga og var i mange år musikalsk leiar i laget. Haldor Tveit har og er ei viktig støtte i klubben. Han har vore musikalsk leiar og har ofte oppgåva som solist.

Når Nils Naasen kom attende til Uskedalen, gjekk han straks inn som ein sentral medlem i Kvinnherad trekkspelklubb. Naasen har klassisk accordionutdanning frå Danmark. Han er skolert og har eit godt grep med utvalet av repertoaret og arrangementa. Mykje av det trekkspelklubben framfører på konserten denne helga, er arrangert av Nils Naasen.

uskedalen. no vil oppmoda om at mange legg turen til Husnes isundag ettermiddag. Her vil de få høyra klubben på sitt beste med eit variert program, - marsj, vals, polka, svingjazz, tango og ein eigen irsk/skotsk/fransk avdeling.

I tillegg deltek gjestelag på konserten, mellom anna koret Røysterett for alle.

Av Kristian Olav Bringedal



Trekkspelklubben spelar under Aktivitetsdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)